

Kinico AS
Vilhelm Bjerknes' vei 58A
5081 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6485 - 21/67533

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
15.10.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 1/61 Flatøy

Tiltak: Bruksendring frå fritidsbustad til bustad, tilbygg og påbygg
Byggjestad: Gbnr: 1/61
Tiltakshavar: Ali Mekki
Ansvarleg søkjar: Kinico AS

Kommunen viser til søknad om rammeløyve mottatt 12.07.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka og dei ulemper det har medført.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå kravet om områderegulering, jf. gjennomføringszone H810_06.
Eigedomen ligg innanfor omsynssone for felles planlegging H810_6. Innafor sona kan det ikkje gjevast løyve til bruksendring før område inngår i områdereguleringsplan, jf. føresegn 1.2.2 i kommunedelplanen. Det må søkjast om dispensasjon frå kravet.
2. Dokumentasjon på nabovarsel.
Det er opplyst at heimelshavar på gbnr 1/60 er varsla ved e-post og rekommandert sending. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt dokumentasjon på at gbnr 1/60 er varsla og ber om at dette vert ettersend.
3. Målsette teikningar.
Teikningane er berre delvis målsette. Teikningar over plan- og snitt for alle tiltak må visa mål for både eksisterande og nytt tiltak. Gesims- og mønehøgda må gjevast opp.
4. Det er søkt om tilbygg til annek. Det må gjerast greie for/dokumenterast om annek er godkjend oppført, eventuelt byggeår. Dersom annekset ikkje er godkjend oppført må bygget inngå i søknaden.
5. Arealrekneskap som viser bygd areal og bruksareal for alle bygg på eigedomen.

Søknaden om dispensasjon er send på høyring i brev datert 13.10.2021.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **15.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ali Mekki

Kalfarveien 80

5022

BERGEN

Mottakarar:

Kinico AS

Vilhelm Bjerknes' vei 58A

5081

BERGEN